

SANDVIKSODENE 12-24 – BERGEN

DOKUMENTASJON TIL FREDINGSSAK – DEL 1



Innhold


1	Innleiing	3
1.1	Bygningsdata for Sandviksbodene 12-24.....	4
2	Lokaliteten.....	5
2.1	Miljøskildring	5
2.2	Sjøbuarkitekturen	9
2.3	Sjøhusa i Sandviken.....	12
2.3.1	Historikk	12
2.3.2	Endra bruk.....	13
3	Vurdering	13
3.1	Autentisitet/originalitet	14
3.2	Kunnskapsverdiar	14
3.3	Opplevingsverdiar	14
3.4	Bruksverdiar	14
4	Områdefreding.....	16
5	Kjelder.....	18
6	Dei einskilde buene	19
6.1	Sandviksbodene 12-13.....	19
6.2	Sandviksbodene 15 A, 15 B, 16 og 17	22
6.3	Sandviksbodene 15 A.....	23
6.4	Sandviksbodene 15 B.....	26
6.5	Sandviksbodene 16	28
6.6	Sandviksbodene 17	30
6.7	Sandviksbodene 19 A.....	32
6.8	Sandviksbodene 19 B.....	34
6.9	Sandviksbodene 20	36
6.10	Sandviksbodene 21	38
6.11	Sandviksbodene 23	40
6.12	Sandviksbodene 23 naust	43
6.13	Sandviksbodene 24	46

1 Innleiing

Denne rapporten er utarbeidd i 2023 av Vestland fylkeskommune, som vedlegg til fredingsforslaget for Sandviksbodene 12-24.

Sandviksbodene 12-24 utgjer eit miljø av sjøbuer i fire grupper av buer og naust i Sandviken i Bergen, bygde mellom ca. 1672 og 1892. Vi vil her nytte nemninga *bu* for det som i kartverket og lokal nemning vert kalla *bod*, så lenge vi ikkje omtalar adressenamnet.

Desse sjøbuene har opphavleg vore pakkhus for handelsvarer, som korn og salt, men har òg vore brukt i samband med framstilling av tørrfisk, klippfisk, tran og rogn. Seinare har buene vore nytta som produksjonslokale for sjøretta handverksverksemd, som seglmakarar, bøkkarar og blokkmarakar. Nokre av bygningane har vore nytta som naust; til lagring av båtar og anna utstyr.



Avgrensing av areal for områdefreding

Kjelde: Bergenskart

1.1 Bygningsdata for Sandviksbodene 12-24

	Askeladden-ID	gnr./bnr.	Bygningsnummer	Fredingsstatus
Sandviksbodene 15 A	91811-1	168/334	139326970	Mellombels freda
Sandviksbodene 15 B	91811-2	168/334	139326970	Mellombels freda
Sandviksbodene 16	91811-3	168/335	139326989	Mellombels freda
Sandviksbodene 17	91811-4	168/336	139326997	Mellombels freda
Sandviksbodene 19 A	91811-5	168/338	139327004	Mellombels freda
Sandviksbodene 19 B	91811-6	168/338	139327004	Mellombels freda
Sandviksbodene 20	91811-7	168/339	139327012	Mellombels freda
Sandviksbodene 21 (vestre del)	91811-8	168/1905	139817486	Mellombels freda
Sandviksbodene 23	91811-9	168/340	13915202	Mellombels freda
Sandviksbodene 23 naust	91811-10	168/340	13915202	Mellombels freda
Sandviksbodene 24	91811-11	168/341	13915210	Mellombels freda
Sandviksbodene 12-13	91811-12	168/332	139326962	Fredingssak pågår

2 Lokalteten

2.1 Miljøskildring

Sandviksbodene 12-24 ligg i sjøkanten om lag midt i Sandviken i Bergen. Strandlinja går i nord-sørretning, og dannar ei bukt mellom Skoltegrunnskaia i sør og Hegreneset i nord.




Kart over Bergen sentrum. Sandviksbodene 12-24 ligg innanfor den raude sirkelen.

Kjelde: Norgeskart

Landskapet stig austover frå sjøen til ca. kote 90 ved foten av Sandviksfjellet, der busetnaden tar slutt. Fjellet stig så brattare mot toppen av Sandviksfjellet på om lag 400 meter over havet. Sandviksbodene 12-24 er i dag den største samla gruppa som er att av sjøbuer i Sandviken, der det nå er om lag 30 buer som er bevart.

Bak pakkhus og naust, på andre sida av Sjøgaten, ligg framleis små grender frå 17- og 1800-talet. Mellom denne eldre busetnaden og Sandviksfjellet ligg blanda busetnad, det meste frå mellomkrigstida. Dei pakkhusa som nå er forsvunne i brann, ved riving eller krigshendingar, er erstatta av for det meste kontor- og forretningsbygg og ope parkerings- og lagerareal. Heilt fram til byrjinga av 1900-talet var det store ubygde areal mellom grendene, lyststadene, reiparbanene og sjøhusa.



Sandviken og Skuteviken sett frå nord, 1930

Kjelde: <http://marcus.uib.no>



Sjøflyhamna og Sandviksbodene, 1935

Kjelde: <http://marcus.uib.no>

Først rundt 1920 vart Sjøgaten framført på strekninga Skuteviken-Storemøllen. Fjerntrafikken går i dag gjennom Fløyfjellstunellen, men Sjøgaten/Sandviksveien ligg framleis som ein trafikal barriere mellom sjøbuene og dei tettbygde områda bak.

Buene ligg i fire klynger. Buene 12/13 er bygd saman. Opphavleg hadde dei eldste buene sjøkontakt på alle fire sidene, men etter fleire utfyllingar av hopane er det berre bu 12 som har den eine langsida med direkte sjøkontakt mot vest. Buene 15, 16 og 17 er òg samanbygde. Her hadde alle buene òg direkte sjøkontakt, men nå er her fylt att på alle sider. Buene 19, 20 og 21 ligg i éin klynge. Her er dei opphavlege hopane i nord, og dels mot sør, fylt att. Mellom bu 23 og 24 vart hopane opna opp i 2014, slik at desse buene nå har sjø på tre kantar.



Sandviksbodene 12-24 sett frå sjøsida

Kjelde: kart.1881.no



Luftfoto som viser endring av uteområda rundt Sandviksbodene 12-24


Kjelde: www.norgebilder.no

2.2 Sjøbuarkitekturen

Sjøbuene i Sandviken vart i det vesentlege bygd på same måte gjennom 200 år, frå dei eldste kjende frå midten av 1600-talet og fram til slutten av 1800-talet. Dei er bygde av lafta tømmer i to eller tre etasjar, og har i kvar etasje fleire nokolunde kvadratiske lagerrom lagt på rekke, med dører til ei svalgang som går langs den eine langsida. Lagerromma varierer i storleik frå ca. 4x4 meter til opp mot 7x7 meter.

Særleg i dei større romma er det vanleg med eit supplerande beresystem av ein eller to stolpar midt i rommet, som ber langsgåande dragarar. Svala er stort sett lafta i første etasje og bygd av stolpeverk i dei øvre etasjane.

Etter ca. 1820 har det vore stolpeverk i alle etasjar. Det kan òg vere ei sval langs den eine kortsida. Mange buer har hatt eitt eller eit par rom brukt som kontor eller «lystværelse» i ein av dei øvre etasjane. Desse romma kan liggje i forlenginga av lagerromma, vere delt av frå eitt av dei, eller liggje i enden av svala.



Sandviksbodene 15-17. Laftekjernane i bod 16 er fjerna og erstatta med stolpar/dragarar. Oppmålingsteikning av arkitekt Oddvin Storebø, ca. 1950.

Buene har bratte saltak med svai, tekt med raud tegl, og veggene er utvendig kledd med liggande panel. Varene vart tatt inn gjennom store portar i svalgangsveggene. Desse er plasserte rett over kvarandre, slik at dei dannar loddrette band. Over portane er heiseinnretningar – vinder – plasserte i utskytande arker. Nokre sjøbuer har mange rader med portar, og vindearker berre over nokre av dei.

Det finst variantar av grunnskjemaet med lagerrom og svalgangar, mellom anna med midtgang med rom på begge sider, eller to rekker rom rygg mot rygg, og sval på begge langsiden. Nokre gonger skapte uvanlege tomteforhold ad hoc-løysingar. Mønsteret er her meir variert enn langs Vågen.


I Sandviken ligg nokre sjøhus med langsida mot sjøen, andre med gavlen. Dei kan vera heilt frittliggande eller bygde inntil kvarandre på lang- eller kortsidene. Opphavleg låg nesten alle ute i sjøen, utan landsamband. Dei fleste stod på bolverksfundament, bygde opp av mange lag rundtømmer lagt vekselvis på langs og på tvers. På 1800-talet gjekk ein i større grad over til å nytte fundament av stein.

Ein del av dei bygningane ein i dag reknar som sjøbuer vart før ofte omtala som «nausta». I kva grad bruken av nausta skilde seg frå lagerbuene – om dei til dømes i første rekke vart brukt til båtutstyr etc. – er usikkert. Nausta synest å ha vore ein meir ueinsarta bygningstype både i storleik og planløyising, men eit fellestrekk for mange ser ut til å vere at dei berre har hatt eitt eller nokre få store rom i kvar etasje, utan svalgangar. Det synest òg å vere eit hovudmønster at nausta låg attom lagerbuene.

Ennå på slutten av 1800-talet vart det reist nye trebuer, men nå av ein annan type; i stolpeverkskonstruksjon, og med innvendig bering av stolpar og dragarar i staden for laftevegger. Slik fekk ein store, opne rom. Frå same tid vart svært mange eldre buer bygde om innvendig på same vis, ved at skiljeveggene vart erstatta av stolpar og dragarar. Dette vart særleg gjort i dei nedre etasjane, slik at mange buer nå har meir bevart av den opphavlege innreiinga jo høgare opp i etasjane ein kjem. Parallelt med dette fekk buene òg mange fleire vindauge i ytterveggene.



Sandviksbodene 23-24. Oppmålingsteikning av arkitekt Oddvin Storebø, ca. 1950.



Kartskissene syner korleis Sandviksbodene og området kring desse har utvikla seg sidan byrjinga av 1800-talet. Buene vart etter kvart meir landfaste, og etableringa av Sjøgaten opna for betre landsamband med sentrum. Sidan 2001 har hopane rundt bu 23 og 24 vorte opna opp.

Teikningen frå 2001 som viser buene 12, 13 og 14 er ikkje heilt i samsvar dagens grenser i matrikkelen. Det er berre den delen som er vist med raud og fiolett farge (12, 13, 14) som er omfatta av fredinga. Denne delen heiter i dag Sandviksbodene 12-13. Sandviksbodene 14 ligg i den austre delen av bygningen som er skravert i grønt, og er ikkje omfatta av fredinga.

Skissene er utarbeidde og utlånte av Elin Thorsnes arkitektkontor AS.

2.3 Sjøhusa i Sandviken

2.3.1 Historikk

Sjøhusa i Sandviken og andre stader i Bergen er nært knytt til rolla byen har som handelssentrum. Gjennom det meste av Bergens historie har funksjonen som stapelhamn og knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket vore det økonomiske grunnlaget for byen. Tørrfisk og andre fiskevarer frå Nord-Noreg vart eksportert frå Bergen til byane ved Nordsjø- og Østersjøkysten, og korn, salt, tekstil, kolonialvarer og andre varer vart importert.



Kjelde: <http://marcus.uib.no>

Etter at dei hanseatiske kjøpmennene på Bryggen sidan midten av 1300-talet hadde vore dominerande i denne handelsverksemda, vaks det på 1600-talet fram eit talrikt bergensk handelsborgarskap som òg tok del i både utanriks- og nordlandshandel. Handelsverksemda førte til eit stort behov for lagringsplass, og sidan all varetransport gjekk sjøvegen, vart lagerbygningane bygde langs strandlina. Ved midten av 1600-talet var områda rundt Vågen meir eller mindre ferdig utbygde, og sjøhusa byrja då å ekspandere til Skuteviken og Sandviken. Ein føremon her var at sjøbuene var meir skjerma mot brann enn i den tettbygde bykjernen.

Sandviken var i privat eige og låg administrativt sett utanfor byen. Eigar frå 1658 var Herman Garmann, og etterkomarane hans eigde Sandviken i over 200 år. Dei bygsla etter kvart ut tomter til sjøhus, reiparbaner, små bustadhus for sjøfolk og arbeidarar, og lyststader for borgarskapen. Slik vart Sandviken i praksis ein forstad til byen.

Utviklinga av sjøhusbusetnaden her er lite kjend i detalj, men hovudbiletet synest å vere ei ganske jamn utbygging frå midten av 1600-talet fram til slutten av 1800-talet. Omkring år 1900 var det rundt 200 sjøbuer i Sandviken og totalt om lag 800 i heile Bergen – på Bryggen og Strandsiden, ved Nøstet, i Skuteviken og i Sandviken. Dei låg som eit fem kilometer langt samanhengande band langs sjøkanten, berre avbrote der festningsverk eller steile klippar var i veggen.

2.3.2 Endra bruk

Den tradisjonelle bruken av buene, og handelsverksemda som denne hang saman med, haldt fram med få endringar til slutten av 1800-talet. Frå då av vart stadig fleire overteke av andre næringar, i første rekke handverkarar. Med dette følgde til dels òg ny bruk, mellom anna verkstader, og ofte større innvendige ombyggingar. Rundt 1920 vart Sjøgaten opparbeida fram til Sandvikstorget, og mange av sjøbuene fekk nå god tilkomst frå landsida.

Det var først i den tidlege etterkrigstida at sjøbumiljøet i Sandviken gjekk i oppløysing. Heile strandlina vart i 1946 regulert til industriføremål, og dei følgjande tiåra vart fleirtalet av sjøbuer rive og erstatta av nye lager- og næringsbygg. Ein del av desse husa fiskerelatert verksemd, men i etterkrigstida var Bergens del av den norske fiskeeksporten jamt minkande.



Sandviksbodene 12-24, 1963

Kjelde: <http://marcus.uib.no>

Då tørrfisklagringa i Holmefjordboden vart avslutta i 1999, var det enden på ein lang avviklingsprosess. I dag er det bustader, kontor og ulik kulturell verksemd som rår langs sjøfronten i Sandviken. Sidan 1970-åra har dei attverande gamle sjøbuene i aukande grad vore sett på som viktige kulturminne, og dei fleste har etter kvart fått eit formelt vern og ein ny bruk. I underkant av 30 sjøbuer står att i Sandviken, det vil seie 15 % av det samla talet på buer ved inngangen til 1900-talet. Dei tilsvarande tala for Bergen under eitt, Bryggen inkludert, er ca. 115 bevarte sjøbuer. Over 80 % av sjøbuene er forsvunne som følge av brannar, krigsskadar og sanering, i hovudsak i perioden mellom 1899 og ca. 1960.

3 Vurdering

I mange norske kystbyar har lagerbygg knytt til fiskeri og sjøverts handel vore med på å gje stadene deira identitet, samstundes som dei i kvar by hadde sine arkitektoniske og bruksmessige særtrekk. Sandviksbodene 12-24 peikar seg ut i nasjonal samanheng som eit stort og godt bevart sjøhusmiljø, der fleire av bygningane dessutan har ein høg alder. Miljøet har eit heilskapleg arkitektonisk uttrykk, prega av den bergenske trebyggeskikken frå 17- og 1800-talet.

Samstundes er det stor variasjon på detaljnivå, og i bygningstypar og byggemåtar finn ein fleire karakteristiske variantar av den bergenske sjøbuarkitekturen. Med eit aldersspenn på over 200 år og spor etter mange ombyggingar, har både bygningsmiljøet under eitt og dei einskilde bygningane stor tidsdjupn og høg bygningshistorisk verdi.

3.1 Autentisitet/originalitet

Noko av originalsubstansen i bygningane er naturleg nok gått tapt gjennom endringar, vedlikehald og utskiftingar gjennom historia. Identiteten og karakteren til bygningsmiljøet har til ein viss grad endra seg tilsvarande. Dei bygningsmessige endringane knyter seg i stor grad til endringar i bruken av bygningane. Fleire av dei eldre buene vart ombygde, frå mindre lafta tømmerkjerner til større rom i stolpe-dragarkonstruksjon.

Bygningane står på sine opphavslege plassar, men utfyllingar i sjø har gjort sjøbuene meir eller mindre landfaste, der dei før vart oppført med sjø til dels på alle kantar. Nokre av hopane ved Sandviksbodene 23 og 24 har i seinare tid blitt tilbakeført. Dette har vore med på å styrke den historiske miljøkarakteren.

3.2 Kunnskapsverdiar

Ved sida av den attverande delen av Bryggen, er Sandviksbodene 12-24 det største intakte, samanhengande miljøet av bergenske sjøhus. Den kulturhistoriske verdien av dei enkelte buene vert forsterka av heilskapsverknaden av dei mange og store bygningane med eit homogent arkitektonisk hovudpreg, samla i eitt samanhengande miljø med få innslag av nyare bygningar.

Mindre enn ein femdel av sjøbuene i Sandviken står att i dag. Som det største og best bevarte miljøet av bergenske sjøbuer peikar Sandviksbodene 12-24 seg ut som særleg verdifullt. Dette er hamnetekniske kulturminne av internasjonalt format, og av nasjonal og internasjonal kulturminneverdi.

3.3 Opplevingsverdiar

Mykje av opphavslege konstruksjonane og eldre bygningsdelar er bevart, samstundes som seinare endringar, fram til første del av 1900-talet også er kulturhistorisk verdifulle. Fleire av buene har høg estetisk verdi, med gode proporsjonar og sirlege detaljar. Restane av måla innvendig veggdekor er kunst- og arkitekturhistorisk verdifulle og sjeldsynte. Dei mange inskripsjonane som er måla, teikna eller rissa inn i tømmerveggene er verdifulle spor etter kvardagslivet i bygningane.

Nærleiken til sjøen, fysisk og visuelt, er ein heilt vesentleg eigenskap ved miljøet, både for opplevinga og den kulturhistoriske forståinga.

3.4 Bruksverdiar

Heile bygningsmiljøet er i god bygningsteknisk stand. Fleirtalet av buene har sidan slutten av 1990-åra vore gjennom ei omfattande istandsetting, restaurering og tilrettelegging for ny bruk. Etter istandsetting og restaurering dei to siste tiåra er buene nå i god bygningsteknisk stand og tilrettelagde for ny bruk, samtidig som karakteristiske og verdifulle arkitektoniske kvalitetar er tekne i vare eller reetablerte.


At fleire av sjøhusa er i bruk som Fiskerimuseum og kystkultursenter, slik at tilknyttinga til sjøfart og fiskerinæring vert formidla og mange av interiøra vert ålment tilgjengelege, bidreg ytterlegare til å styrke bruksverdien.



Foto: Øystein Monsen/VLFK

4 Områdefreding


Følgande område er tenkt omfatta av kulturminnelova § 19, heilt eller delvis:



Omfang av områdefreding etter kulturminnelova § 19, vist med raud stipla line Kjelde: kart.1881.no

Området som er foreslått freda etter kulturminnelova § 19 har gjennomgått store endringar i seinare tid, noko luftfoto frå 1951 fram til i dag viser. Utviding av tomteareal ved utfylling i sjø har det vore tradisjon for lenge i Bergen. Hopane mellom sjøbuene er fylt igjen mange stader, ofte med overskotsmassar frå andre plassar. Historiske bilete viser at mange av sjøbuene låg med sjø på alle kantar, slik at større skip lettare kunne kome til med last.

Områdefredinga har som føremål å bevare verknaden av sjøbuene i miljøet, og sikre at nye tiltak ikkje motverkar føremålet med fredinga.



Utsnitt av plankart frå områdeplan som er til høyring, med avgrensing av områdefreding innteikna

5 Kjelder

Haaland, Anders (2003). Sjøhusbyen Bergen, og Sandviksboder som del av denne. Fiskerihistorisk årbok, 2003.


Thorsnes, Elin (2003). Sandviksboder 12-25: Kystkultursenteret med omgivelser – historisk tilbakeblikk og om restaureringsarbeidet. Fiskerihistorisk årbok, 2003.

Reither, Maj Vogt Stenersen (1993). Sandviksbukten i Bergen. Vern og Miljø 2, 1993.

6 Dei einskilde buene

6.1 Sandviksbodene 12-13

Kulturminne-ID: 91811-12 1700-talet, 3. kvartal – før 1766



Sandviksbodene 12-13 er ein stor bygning i tre etasjar med kvadratisk plan. Taket har skrå, tegltekte flater til alle fire sider, og eit stort, nesten flatt, papptekt midtparti. Desse buene har vore bygd saman sidan 1892. Buene er kvitmåla, med liggande panel.



Sandviksbodene 12-13 sett frå nordvest

Foto: Øystein Monsen/VLFK

Buene består i dag av tre samanbygde bygningar. Mot vest ligg den opphavlege bu 13, ein langstrakt bu med langsida mot sjøen. Den vart bygd i to etasjar ein gong før 1766, og påbygd ein etasje på første del av 1800-talet. Taket er valma, og vestfasaden symmetrisk med fire portrekker. Over dei to ytste portane er ei vindeark med rundboga tak. Mot nordaust er den opphavlege bu 14, og i søraust den tidlegare bu 12. Bu 13 og 14 er lafta, bu 12 er i stolpeverkskonstruksjon.

Den opphavlege bu 13 er bygd før 1766 i to etasjar, og påbygd éin etasje på første del av 1800-talet. Den tidlegare bu 14, nordausthjørnet av dagens samanbygde bu, er om- eller nybygd i 1804. Den tidlegare bu 12, søraustdelen av dagens bu, er eit nybygg frå 1892, reist på tomte til eldre bygningar. På austsida, på utfylt fjæregrunn, vart det før 1880 reist eit skur i éin etasje. Sidan vart denne utvida, og i etterkrigstida erstatta av dagens store einetasjes tilbygg som fyller heile tomte.

Bu 13 hadde fire lafta lagerrom i kvar etasje, i andre etasje òg med innreidde rom i kvar ende av svala. Bu 14 har to lafta lagerrom i kvar etasje og svalgang i nord. Bu 12 har store, opne rom i kvar etasje og innvendig berekonstruksjon av stolpar og dragarar.

Det felles loftet frå 1892 er ope, og har stolpe-dragarkonstruksjonar.



Sandviksbodene 12-13 sett frå Sjøgaten. Nr. 14 i forgrunnen.

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 12-13 sett frå Sjøgaten. Nr. 14 i forgrunnen.

Foto: Øystein Monsen/ VLFK



Sandviksbodene 12-13 , nordfasade



Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.2 Sandviksbodene 15 A, 15 B, 16 og 17

Desse buene var opphavleg bygd som fire skilde buer. Her har vore omfattande samanbyggingsarbeid i denne bugruppa i nyare tid. I 1958 fekk delar av bu 15 A, 15 B og 17 ny loftsetasje og nye takkonstruksjonar. Eit bygg mellom bu 15 A og bu 16 vart òg satt opp i samband med dette.

Denne noko hardhendte, men etter måten avgrensa ombygginga var sannsynlegvis eit resultat av at eigarane på den tida ikkje hadde råd til å totalsanere og bygge nytt, slik dei primært ønskte. Kan hende har dette bidrege til å redde bygningane for ettertida. På den andre sida kan dei omfattande rivingsplanane som låg føre allereie før andre verdskrigen òg ha lagd ein dempar på viljen til å vedlikehalde buene. I 1998-99 vart taka førde tilbake til tidlegare utforming. Buene er eigde av Bergen kommune, og vert brukte av Bergen kystkultursenter.




Sandviksbodene 15 A, 15 B, 16 og 17

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.3 Sandviksbodene 15 A

Kulturminne-ID: 91811-1 1600-talet, 3. kvartal



Sentralt plassert i gruppa er ein rektangulær bygning i tre etasjar med lengderetning aust-vest. Bua har svaitek tekt med raud tegl og er kledd med okergult liggjande panel. Opphavleg vart bua bygd i to etasjar, begge med tre kvadratiske lagerrom på rekke, og med svalgang langs sørveggen.

Utforminga av tømmeret – med magetelgd laft – tyder på 1600-talet. Ein dendrokronologisk prøve tatt i



Sandviksbodene 15 A, fasade mot sør

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

2010 syner at første og andre etasje vart bygd sommaren 1672. Seinare, ein gong før 1766, er tredje etasje bygd på, med same planløsning. Opphavlege portar er fjerna, og opningar mellom svalgang og pakkrom utvida, sannsynlegvis rundt 1900. Det er funne restar av veggdekor i svalgangane. Dekoren vart delvis øydelagd i samband med endringa.

Nytt tak og vindeark vart bygd i 1999. Eit mellombygg frå 1950-talet bind buene 15 A og 16 saman.



Sandviksbodene 15 A, fasade mot sør

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 15 A i midten, fasade mot nord

Foto: Øystein Monsen/ VLFK




Sandviksbodene 15 A, vindauge i sørfasade

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

6.4 Sandviksbodene 15 B

Kulturminne-ID: 91811-2

1800-talet, 1. kvartal, mellom 1799 og 1804



Dette er ei sjøbu i tre etasjar med svaitak. Bua ligg austanfor 15 A, og i vinkel mot denne, med lengderetninga nord-sør. Sørgavlen, som har vindeark, står skeivt på langveggane. Bua er bygd mellom 1799 og 1804. Den er måla okergul og har liggande panel.



Sandviksbodene 15 B sett frå Sjøgaten

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

Opphavleg hadde bua to lafta lagerrom og ei sval i første etasje. Planen er tilsvarande i andre etasje, men her med to måla rom i staden for eitt lagerrom. Svalene låg i sørenden av bua. Innvendig er bua etter ei ombygging på første del av 1900-talet gjort om til eitt stort rom i kvar etasje. Ei rekke med stolpar og dragarar erstattar dei innvendige lafta bereveggane.

Bua fekk nytt tak og vindeark i 1999.



Sandviksbodene 15 B, sørgavl



Nordgavl

Foto: Øystein Monsen/ VLFK




Sandviksbodene 15 B, sett frå Sjøgaten

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

6.5 Sandviksbodene 16

Kulturminne-ID: 91811-3

1700-talet, mellom 1700 og 1766. Gjenoppbygd 1944.



Dette er ei sjøbu i tre etasjar med svaitak, bygd med langsida mot sjøen, vest for bu 15 A. Den er bygd før 1766, men truleg etter ca. 1700.



Sandviksbodene 16 sett frå sjøsida. Nr. 17 til venstre.

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

Opphavleg låg bua nærare 15 A og meir rettinkla på denne. Bua fór på sjøen i 1943 og vart året etter bygd opp att i litt endra posisjon, med same hovudform, og med gjenbruk av ein god del av den gamle bua. Ei vindeark er plassert midt på langsida mot vest.

Opphavleg var bua innreidd med tre lafta lagerrom og eitt kontorrom eller «lystværelse» på rekke i kvar etasje, med sval av reisverk på langsida mot sjøen. Seinare vart han bygd om til store, opne rom med to rekker av stolpar. I andre etasje på nordveggen er bevart målingsrestar frå to dekorerte rom.



Bod 16, fasade mot vest, med «mage».



Sørgavl

Foto: Øystein Monsen/VLFK




Bod 16, nordgavl. Bod 15 A til venstre

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.6 Sandviksbodene 17

Kulturminne-ID: 91811-4

1700-talet, mellom 1700 og 1766



Sandviksbodene 17 er ei sjøbu i tre etasjar med svaitak og vindeark, bygd med langsida vendt mot sjøen, rett nord for Sandviksbodene 15 A. Sandviksbodene 15 B er bygd inntil på delar av austsida.

Bygd før 1766, men truleg etter ca. 1700. Kvar etasje vart bygd om til eitt stort rom i 1917, med to rekker stolpar og dragarar som erstatning for dei innvendige veggene.

Opphavleg var bua innreidd med to lafta lagerrom i kvar etasje, og med sval på langsida mot sjøen. I andre og tredje etasje var òg eit kammers på svala. I andre etasje er bevart spor etter kammerset.

Taket vart erstatta av ein loftsetasje med lågt saltak i 1958, men vart ført tilbake til tidlegare takform i 1998.



Sandviksbodene 17 sett frå sjøsida

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Bod 17, austfasade

Foto: Øystein Monsen/ VLFK



Opning mellom bod 17 og 19

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

6.7 Sandviksbodene 19 A

Kulturminne-ID: 91811-5

1700-talet, 4. kvartal, truleg mellom 1787 og 1797



Sandviksbodene 19 A er opphavleg eit tørrfisklager i to etasjar med svaitak tekt med lappskifer. Langveggen mot sør ligg ut mot ein hop.



Sandviksbodene 19 A, sørfasade

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

På dei tre andre sidene er nabobuene bygde heilt inntil. Bua er bygd av lafta tømmer, utvendig kledd med liggande, kvitmåla panel på sørveggen. Lengst til venstre i fasaden er ei vindeark med karnissboga framkant på sideveggene. Under arka er det portar inn til begge etasjar og til loftet, stilt saman i eit loddrett band. Til høgre på fasaden er ein mindre port til kvar etasje. Portane er måla blå. Det er tofags småruta vindauge i begge etasjar; i andre etasje med regelmessig, jamn plassering.

Første etasje består i dag av eitt stort, kaldt rom, og to mindre, delvis isolerte rom med ei stolperække forsterka med kne, som ber ein langsgående dragar midt i bygningen. Andre etasje er brukt som atelier og bustad, med gang, soverom og bad. Loftet er isolert, og innreidd til stove, kjøkken, bibliotek og kontor.

Byggeår er uvisst, truleg mellom 1787 og 1797. Opphavleg var det tre lafta lagerrom på rekke i kvar etasje, og sval langs sørveggen. I andre etasje var det òg eit kammers.

Bua vart ombygd i 1919/1920, og truleg refundamentert og heva. Alle innvendige vegger i begge etasjar blei fjerna og erstatta av dragarar, stolpar og kne. Etasjehøgda i første etasje vart heva, slik at andre etasje skulle kome på same nivå som loftet i naustet. Takverket vart skifta ut og tekt med skifer. Vindaugene vart sannsynlegvis òg sett inn i samband med denne ombygginga. I åra etter 1988 har bua dels vorte innreidd til bustad. I 1996/97 vart loftet innreidd, med nye takvindaugene. Sjøbua er i privat eige.




Sandviksbodene 19 A, vindeark på sørfasade

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

6.8 Sandviksbodene 19 B

Kulturminne-ID: 91811-6

1700-talet, 4. kvartal, før 1787



Sandviksbodene 19 B er ein bygning i ein etasje med svaitak tekt med raud tegl. Vestre del av langveggen mot sør ligg ut mot ein hop. I vest er Sandviksbodene 19 A bygd heilt inntil, bortsett frå lengst mot sør. I nord ligg Sandviksbodene 21 med eit dråpefall imellom.

Bua er bygd av lafta tømmer, utvendig kledd med liggande okergult panel. Mot sør, ut mot venstre side av fasaden, er ei vindeark med karnissboga framkant på sideveggene. Under arka fører raudmåla portar inn til første etasje og loftet. Vindauga er tofags, småruta som sit uvanleg høgt på veggen andsynes portane. I austgavlen er tilsvarande vindauga.



Sandviksbodene 19 B sett frå sør

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

Første etasje består av eitt stort rom med ei rekke av stolpar med kne som ber ein dragar på langs midt i rommet. Her er trapp opp til bustaden i andre etasje, og trapp opp til eit atelier på loftet i nauset. Loftet er delt av i fleire mindre rom, med rom i kvar ende på hanebjelkeloftet. Byggeår er uvisst, men før 1787. Bygningen har vore eit naust for Sandviksbodene 19 A, tidlegare med to rom. Sjøbua vart bygd monaleg om, truleg mellom 1911 og 1913: Heile bygningen har venteleg vorte heva, alle innvendige skiljevegger har vorte fjerna og erstatta av stolpar, dragarar og kne. Fundamentet er kan hende delvis fornya, og etasjeskiljet heva. Bua er i privat eige.



Bod 19 B sett frå sjøsida



Sett frå Sjøgaten

Foto: Øystein Monsen/ VLFK




Sandviksbodene 19 B. Gavl mot Sjøgaten

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.9 Sandviksbodene 20

Kulturminne-ID: 91811-7

1800-talet 2. kvartal, truleg 1828/1829



Bua er i to etasjar med lafta lagerrom og svalgangar i stolpeverk, utvendig kledd med okergult liggande panel. Bygningen har ein uvanleg vinkelform, med ein arm langs hopen i nord og ein brei gavl med mansardtak mot sjøen i vest. Rommet inne i vinkelen er fylt ut av Sandviksbodene 19 A.



Sandviksbodene 20 sett frå sjøsidea

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

Armen mot nord har eit vanleg saltak der den eine takflata held fram som nedre takflate på mansardtaket. Taket er tekt med raud tegl. Bua har éi vindeark mot nord og éi mot vest. Sjøbua står på opphavleg bolverk, som til dels er erstatta/forsterka av nyare konstruksjonar – stolpar og dragarar og støypte pilarar. Bua er eigd av Bergen kommune, og vert brukt som administrasjonslokale av Norges Fiskerimuseum.

Mot nord og vest er svalgangar, innanfor er fire lagerrom med langstrakt form – tre på rekke i den nordlege armen og eitt i den vestlege. Om lag same planløyising i første og andre etasje. Sandviksbodene 20 er bygd på tomte til tre eldre sjøbuer, truleg i 1828-29, ifølgje dendrokronologisk datering av bolverkstømmeret. Nokre av materiala er truleg gjenbrukstømmer. Det har vore utført omfattande reparasjonsarbeid ca. 1870, 1950-60-talet og ca. 1980. I andre etasje vart det på 1980-talet satt inn krysspostvindaug mot vest og tofagsvindaug mot sør.



Sandviksbodene 20, vindeark i gavl

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 20, nordfasade

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.10 Sandviksbodene 21

Kulturminne-ID: 91811-8

1800-talet, 2. kvartal, truleg 1828/1829



Sandviksbodene 21 er ein bygning i to etasjar med svaitak tekt med raud tegl, valma mot aust og med gavl i vest. Bua er bygd inntil Sandviksbodene 20 i vest. I sør er eit dråpefall mot Sandviksbodene 19 B.

Langveggen mot nord ligg ut mot ein nå attfylt hop. Bua er bygd av lafta tømmer med liggande utvendig



Sandviksbodene 21, sett mot aust.

Foto: Øystein Monsen/ VLFK

kledning, måla mørk grøn. Eigar og brukar er taktekkarverksemda Karstein B. Vågenes AS.

Første etasje er eitt stort rom med synlege gamle stolpar og dragarar, elles nyare innreiing. Andre etasje og loftet er delt inn i fleire rom og heilt prega av nyare overflater.

Det er sannsynleg at bygningen opphavleg var eit naust som hørte til den tidlegare Sandviksbodene 22 (austlege del av dagens Sandviksbodene 20). Byggeår er uvisst, truleg i 1828-29, kan hende på tomte etter eit eldre naust. Det kan vere at den eksisterande bygningen er det gamle naustet frå før 1766. Sandviksbodene 21 vart bygd om innvendig til verkstad og kontor ca. 1990. Rett aust for bygningen, på oppfylt fjæregrunn, vart det rundt 1900 bygd eit skur på same stad som dagens verkstad/lagertilbygg frå etterkrigstida. Dette er nå rive, og erstatta av ein saltaksbygning på to etasjar.




Sandviksbodene 21, nordfasade

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.11 Sandviksbodene 23

Kulturminne-ID: 91811-9

1700-talet 2. kvartal, truleg 1732



Dette er ein lagerbygning i tre etasjar med svaitek, eigd av Bergen kommune og nytta av Norges Fiskerimuseum. Sjøbua ligg med langsida vendt mot sjøen aust for Sandviksbodene 24, skilt frå denne med ein hop. Bygningen har okergul liggande kledning og raude teglpanner på taket. Bua hadde opphavleg fire store lagerrom på rekke i kvar etasje, med sval framfor på langsida mot vest.



Sandviksbodene 23 sett frå nord

Foto: Øystein Monsen/VLFK

Bygningen er lafta i første etasje og har svalgang av reisverk i andre og tredje etasje. Loftet er eitt stort rom, med synleg takkonstruksjon og sutak.

Til liks med mange av dei andre sjøbuene, vart fleire tømra skiljevegger fjerna innvendig rundt 1900. Ein del innvendige laftevegger har vorte fjerna; veggen mellom svala og lagerromma i andre etasje, og alle innerveggene i tredje etasje, bortsett frå rommet lengst mot nord.

Veggene i svalgangane i andre og tredje etasje har vore dekorert med måla dekor der det nå berre er restar att. Sidan er dei lafta veggene mot aust og vest i rom 113 tilbakeførte. Laftevegger mellom svalgang og lagerrom i andre etasje vart tilbakeførte i 2002. Lafta del lengst sør i austveggen i andre etasje tilbakeført ca. 2014. Laftevegg mellom svalgang og rom 316 er òg bygd opp att.

Sjøhuset er truleg bygd ein gong i første del av 1700-talet; årstalet 1732 står på ein takbjelke i svala i andre etasje. To nye vindearker er bygde rundt midten av 1800-talet.



Sandviksbodene 23 sett frå Sjøgaten

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 23 sett frå sjøsida

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 23, vestfasade



Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.12 Sandviksbodene 23 naust

Kulturminne-ID: 91811-10

1800-talet, 1. kvartal, truleg mellom 1797 og 1807



Dette er ein bygning i to etasjar med svaitak, bygd heilt inntil Sandviksbodene 23 på austsida og i rett vinkel på denne, dvs. med lengderetning aust-vest. Sjøbua er eigd av Bergen kommune og nytta av Norges Fiskerimuseum og von Tangen Fiskebar. Veggene er lafta med utvendig liggande raudmåla bordkledning. På taket er raude teglpanner.



Sandviksbodene 23 naust

Foto: Øystein Monsen/VLFK

Bua vart bygd med berre eitt stort rom i kvar etasje. Første etasje er seinare delt i to med ny glasvegg. Vestlege tredel av andre etasje er delt av til gang, trapp, toalett o.a. På loftet er nytt panel i himling, ope opp til mønet med synlege hanebjelkar.

Naustet er sannsynlegvis bygd mellom 1797 og 1807, truleg som naust tilhøyrande Sandviksbodene 23. Etasjeskiljet mellom første og andre etasje vart senka i 1925. I austenden vart bygningen i 1959 forkorta med om lag fem meter på grunn av framføringa av Sjøgaten. Samstundes vart det påbygd ein tredje etasje med slakt saltak. Denne vart fjerna, og taket ført tilbake til opphavleg form i 1998.



Sandviksbodene 23 naust, sørfasade

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Frå venstre mot høgre: tilbygg til bod 21, bod 23 naust, bod 23

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Bod 23 naust, hjørne mot Sjøgaten



Sørfasade

Foto: Øystein Monsen/VLFK




Sandviksbodene 23 naust, nordfasade. Bod 23 til høyre (oker).

Foto: Øystein Monsen/VLFK

6.13 Sandviksbodene 24

Kulturminne-ID: 91811-11

1700-talet, truleg mellom 1748 og 1756



Dette er ein lagerbygning i tre etasjar med svaitak, som ligg med langsida vendt mot sjøen vest for Sandviksbodene 23, skilt frå denne med ein hop. Langveggen mot sjøen er bygd opp regelmessig, med ei vindeark og portar inn til kvar etasje i midtaksen, vindaug av same format; tofags med 2x3 ruter jamt plassert, i alt fire vindaug i kvar etasje. I første etasje er òg ei dør rett på utsida av det ytste vindauget. På taket mot sjøen er initialane «CVT» forma i svart tegl på kvar side av vindearka.



Sandviksbodene 24 sett frå sjøside

Foto: Øystein Monsen/VLFK

Fundamentet består av fleire lag bolverk oppå eit støypt fundament. Ståande tømmerstokkar av varierende lengd står som fenderar utanpå. «Norges Fiskerimuseum» er måla på fasaden. På autsida finst noko opphavleg kledning, festa med trenaglar. Sørauthjørnet er skrått avskore i første etasje. Tre skrå gangbruer av tre kryssar hopen mellom Sandviksbodene 23 og 24. Den nedste vart reetablert i 2014, samstundes vart den midtre fornya. Rundt bruene er vegger og tak av glas i metallrammer, bygd i 2015, som del av tilrettelegginga for museumsbruk. Veggene er måla i dodenkopf; portar, dører og gerikter grå; vindaugsrammer i lysare jernoksidraudt. Sjøbua er eigd av Bergen kommune og bruka av mellom andre Norges Fiskerimuseum.

Sjøhuset har tre store lagerrom på rekke, og svalgang på langsida mot sjøen. Svalgangen er lafta i første etasje, bindingsverk i andre og tredje etasje. I første og andre etasje er mykje av innerveggene rundt dei to sørlege lagerromma fjerna, men i tredje etasje er den opphavlege planen nær intakt. Ei innvendig labankdør med barokke gerikter er bevart.

Første etasje rom 104 er reetablert med nye laftevegger. Rom 102 er delt opp til kafekjøkken med diverse bakrom. Gamalt plankegulv i første etasje er gjenbrukt. På loftet er nytt panel på skrå takflater. Bak vindearken er laga rom med glasvegger. Sørenden er delt av med panelvegger for vifterom og rom for løfteplattform.

Byggeår er uvisst. Referanse til eit festebrev frå 1671 i seinare kjelder tydar på at tomta var bebygd då, men laftetømmeret i sjøbua har ikkje 1600-talspreg. Bua er venteleg bygd ein gong mellom 1748 og 1756. Ho vart innreidd til utstillingsareal og kafé for Museum Vest og Norges Fiskerimuseum 2013-15.



Sandviksbodene 24, fasade mot sør



Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 24. Austfasade mot hopen mellom bod 23 og 24

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 24. Bolverk på sjøsida

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Hopen mellom bod 23 og 24



Gavlvegg mot nord

Foto: Øystein Monsen/VLFK



Sandviksbodene 24 sett mot sør

Foto: Øystein Monsen/VLFK